

Styremøte 18.08.25

Møtet vart halde i naustet. Til stades: Lars Petter, Marit, Asbjørn, Ingvald, Judith.

Sak 1: Tur til Bulandet 26. – 28. september

Marit har kontakta utleigar av overnatting. Det er same pris som i fjor. Eigenandel var då 1200 kr (frå fredag til søndag) for overnatting inne.

Marit foreslår å sette opp eigen pris for ikkje-medlemmer. Styret var enig i dette, og prisen for ikkje-medlemmer blir sett til 2000 kr. Medlemmer betaler same pris som i fjor.

Marit sender ut invitasjon til medlemmene og har ansvar for overnatting + kontakt med eigar av husa vi skal leige.

Lars Petter er ansvarleg for transport av kajakkar.

Jomar har ansvar for maten, Judith er medhjelpar.

Turleiarar: Lars Petter, Ingvald, Vegar, Toril Mulen.

Sak 2: Teigen leirstad 13.juli

Klubben stilte med Sigurd, Marit, Asbjørn, Heidi og Vegar som instruktørar. Teigen betaler 10 000 kr. 5 000 kr går til instruktørane, resten til klubben.

Sak 3: Kajakkskulen

Svært vellykka og positivt tiltak! Både barna og foreldra var veldig fornøygde med aktivitetane.

Deltakaravgift 22 900 kr, også nokre innmeldingar i klubben.

Klubben søkte Norsk Padelforbund om 33 400 kr for å dekke utgiftene – for 3 veker, det vart kun 2 veker. Veit difor ikkje kor mykje støtte vi får frå Norsk Padelforbund.

4 innleigde instruktørar i tillegg til Sigurd, betalt ut 22 200 til desse.

Styret vedtok at klubben betaler Sigurd 20 000 kr for arbeidet.

Sak 4: Dugnad i/ved naustet

Treng å få laga ny benk og fikse trappa ned til brygga.

Lars Petter sjekkar med Førde VGS om dei kan ta oppdraget som betaling for aktivitetar.

4. september: rydding og vasking i naustet, reparering av kajakkar m.m. Vi bestiller pizza.